



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

BORDALEN SKULE



Vurderingstema: Elev-, lærar- og foreldresamtalen

Bordalen skule
Bordalen
5700 Voss
e-post: bordalen.skule@voss.kommune.no
Rektor: Arnstein Ringheim
Tlf. 56514917

Bordalen skule
22.03.10 – 25.03.10



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Bordalen strekkjer seg frå Vossevangen og rett sørover mot Ålvik i Hardanger. Bordalen skule ligg midt i Bordalen, 7 km frå Vangen. Elevane kjem frå Græe og Rode i nord til Rong i sør. Skulen ligg i eit landbruksmiljø og har eit flott utmarks- og skogsområde like ved skulen. Dette området vert mykje nytta. Kvar haust startar skuleåret med ein felles fjelltur for alle elevane. Gjerne på stølen til nokre av elevane som går på skulen.

Det har vore skule på Bjørnshovden sidan 1884. Skulen i dag er frå 1957 og er sidan påbygd i 1981.

Skuleåret 2009 – 2010 er skulen tredelt og har 41 elevar, 5 pedagogar og rektor.

Skulen er kjenneteikna ved:

- Eit skulemiljø der alle kjenner kvarandre
- Positivt engasjement frå foreldra med godt samarbeid mellom heim og skule
- Samarbeid på tvers av aldersstega
- Godt kvalifisert personale
- Sentral i fritidstilbodet til barn og unge

Skulen sin visjon:

At opplæringa på skulen skal ha kvalitet som stimulerer utvikling av heile mennesket og fører til læring og meistring.

3 – Vurderingstema

Elev-, lærar- og foreldresamtalen.

Elevsamtalar er pålagt brukt i den nye forskrifta om elevvurdering §3-11, tredje ledd. Det skal gjennomførast samtalar mellom kontaktlærar og elev minst to gonger per år. Innhaldet i desse samtalane skal vera eleven si utvikling i høve til kompetansemåla i Kunnskapsløftet.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne av vurderingsparet, skulen.

rapporten er utforma og godkjende av





KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Elevsamtalen stimulerer til utvikling og læring både fagleg og sosialt	<ul style="list-style-type: none">• Elevsamtalen motiverer eleven i læringsarbeidet• Elevsamtalen gjev tilbakemelding om framgang og er eit grunnlag for tilpassing• Eleven får vera med å påverka innhaldet i elevsamtalen og vurderer eige arbeid• Elevsamtalen tar opp sosial utvikling, orden og oppførsel
Elevsamtalen gjev elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven står i forhold til kompetansemål og læringsmål.	<ul style="list-style-type: none">• Lærarane gjev tilbakemelding om kvar eleven står i forhold til kompetansemåla• Tilbakemeldinga gjev råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin.• Vurderingane vert fylgt opp• Lærarane dokumenterer den enkelte elev si faglege utvikling.• Lærarane nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisning.
Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om kvar eleven står i høve til kompetansemål og læringsmål.	<ul style="list-style-type: none">• Foreldresamtalen er planlagt og strukturert og vert dokumentert• Dei føresette opplever foreldresamtalen som nyttig• Dei føresette opplever god dialog om barnet si faglege og sosiale utvikling og korleis dei lærer• Dei føresette veit kva barnet kan i forhold til mål i kunnskapsløftet og kva barnet skal gjera for å koma vidare.
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Skulen har eit system for gjennomføring av undervegsvurdering/elevsamtalar og foreldresamtalen og sikrar dokumentasjon• Skulen vurderer jamleg praksisen sin på elevvurdering• Leiinga legg til rette for at undervegsvurdering/elevsamtalar kan gjennomførast• Skulen har eit system for oppfølging av resultat på lokal og nasjonal kartlegging.



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Elevar, foreldre, pedagogar og rektor.
- Eksterne: Janne Brurok og Inger Sekse

Grunngjeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld. I vurdering av skulen sitt arbeid med elev-, lærar- og foreldresamtalen, er det naturleg å involvera alle pedagogane, elevane og føresette.

Det var vurderarane i samråd med rektor som gjorde dei aktuelle vala av kven som skulle vera involverte i vurderinga. Alle elevane og alle tilsette vart intervjuet.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TIDSPLAN FOR VURDERING AV BORDALEN SKULE

Vurderingstema: Elev-, lærar- og foreldresamtalen

Vurderingspar : Janne Brurok og Inger Sekse

TID	AKTIVITET	ANSVAR
09.12.09	Vurderingsveke fastlagt til veke 12	Skulen og vurderarane
09.12.09	Vurderingstema: Elev-, lærar- og foreldresamtalen	Skulen
26.01.10	Formøte mellom vurderarar og rektor kl. 17.00 på Brakanes hotell.	Vurderarane og skulen
Veke 8	Glansbilete for vurderingsområdet vert utarbeidd og sendt skulen	Vurderarane



Veke 9 - 10	Glansbiletet vert drøfta av dei tilsette på Bordalen skule. Skulen sender melding om at dei godkjenner glansbiletet innan 12.03.10	Rektor og vurderarane
Veke 9	Skulen får tilsendt tidsplan og brev til foreldre med invitasjon til foreldremøte. Kallar inn alle foreldra. Tidsplanen bør presenterast for dei tilsette.	Vurderarane og rektor
Veke 10	Skulen sender ut informasjon om ekstern vurdering. Skulen sender invitasjonen til foreldremøtet vidare til alle foreldra. Skulen kallar inn til framlegging av rapport torsdag 25. mars kl. 14.15 – 15.15 . Det er viktig at skuleeigar er representert.	Rektor
21.03.10	Arbeidsmøte vurderarar, førebu samtaleguidar og foreldremøte	Vurderarane
Veke 12	Måndag 22.03.10 Informasjonsmøte med dei tilsette måndag morgon kl. 8.00 på personalrommet. Intervju og observasjon. Samtale med rektor kvar dag. Kl 08.15 – 08.45 Observasjon 2. og 1. klasse Kl 08.45 – 09.15 Intervju 1. klasse Kl 09.15 – 09.45 Intervju 2. klasse Kl 11.45 – 12.15 Observasjon 3. og 4. klasse Kl 12.15 – 12.45 Intervju 3. klasse Kl 12.45 – 13.15 Intervju 4. klasse Kl 13.15 – 14.15 Intervju lærarar kl 19.30 – 20.30 Foreldremøte Tysdag 23.03.10 Kl 08.15 – 08.30 Observasjon 3. og 4. klasse Kl 08.30 – 09.00 Intervju 4. klasse Kl 09.00 – 09.15 Observasjon 5., 6. og 7. klasse Kl 09.15 – 09.45 Intervju 5. og 6. klasse Kl 10.00 – 10.30 Intervju 7. klasse Kl 11.30 – 12.00 Intervju 7. klasse Kl 13.00 – 14.00 Intervju lærarar Kl 14.00 – 15.00 Samtale med rektor Onsdag 24.03.10	Rektor legg til rette. Vurderarane treng eit rom til disposisjon.



	Vurderingsgruppa arbeider med rapporten evt observasjon på skulen. Torsdag 25.03.10 Kl. 13.20 – 13.50 Samtale med rektor Kl. 13.50 – 14.15 Tilrigging Kl. 14.15 – 15.15 Presentasjon av rapporten for personalet og skuleeigar. Overlevering av underskrivne rapportar til rektor og skuleeigar.	
	Rapporten/dokumentet vert sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får også alle resultat av samtalar elektronisk. Den offisielle delen av rapporten vert sendt til kompetanseregionen og vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida.	Vurderarane
	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Inger Sekse som vidare sender svaret til leiar i vurderingsgruppa, Aud Opheim Lygre.	Rektor og Inger Sekse

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument: årsplan, verksemdplan, halvårsplanar, arbeidsplanar, vekeplanar, vurderingsskjema og samtaleark.



Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K-06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar. Tema i desse samtalanane er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldra på skulen.


Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte undervisinga i alle klassane før me intervjuja elevane. Elles observerte me ute i friminutta og fekk med oss stemninga i gangane på veg inn og ut frå undervising.

8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet





Elevsamtalen stimulerer til utvikling og læring både fagleg og sosialt

- *Elevsamtalen gjev tilbakemelding om framgang og er eit grunnlag for tilpassing*

Lærarane på 3. – 7. trinn har eit felles skjema som dei nyttar som grunnlag for elev- og foreldresamtale. Her vert det i nokre fag opplyst om framgang under punktet; *Er flink til.*

Ein lærar seier at dei snakkar om lekser på elevsamtalen, om det er passeleg mengd og om dei heng med. Tilpassar mengd og har mange ulike arbeidsplanar.

Elles gav elevane uttrykk for at dei vart høyrde dersom dei ynskte å ta opp ulike tema på elevsamtalen

- *Elevsamtalen tar opp sosial utvikling, orden og oppførsel*

Elevane har rett til å få tilbakemelding på både fagleg og sosial utvikling. *Kultur for læring* (St. meld nr. 30, 2003 – 2004) viser til kor viktig det er med gode relasjonar mellom elev og lærar, og at elevsamtalen er ein godt eigna arena for undervegsvurdering i orden og oppførsel. Halvårsvurderinga i orden og oppførsel skal skiljast frå vurderinga i eleven sin kompetanse i fag.

Både elevar og lærarar seier at dei brukar tid på elevsamtalen til å snakka om det sosiale. Ein lærar seier også at han ikkje går så veldig inn på faga under elevsamtalen, men prioriterer det sosiale. Dette samsvarer med det nokre elevane seier: - Faga tek me til sist, læraren synest det er oss som er viktigast, ikkje korleis me greier oss.

Elevsamtalen gjev elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven står i forhold til kompetansemål og læringsmål.

- *Lærarane dokumenterer den enkelte elev si faglege utvikling.*

Forskrifta om elevvurdering krev ikkje at skulen kan dokumentere innhaldet i sjølve samtalen mellom lærar og elev. Men ein må likevel kunne dokumentere at ein har gjeve ei vurdering. Det er difor gode grunnar for å nytta skriftleg materiale som grunnlag for elevsamtalen og også til dokumentasjon under elevsamtalen.

Lærarar og elevar opplyser at dei nyttar eit samtaleark på elevsamtalen. Dette har elevane hatt med seg heim og kryssa av, diskutert saman med foreldra. Arket har ein del til oppsummering og plass for underskrift frå foreldre og kontaktlærar. I tillegg til dette arket har kontaktlærar laga ei eiga vurdering med ein fagleg del, kva dei skal arbeida vidare med, ein trivselsdel og ein plass for ymse. Nokre kontaktlærarar nyttar denne



vurderinga på elevsamtalen og foreldresamtalen. Nokre nyttar denne vurderinga berre på foreldresamtalen.

Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om kvar eleven står i høve til kompetansemål og læringsmål.

- *Foreldresamtalen er planlagt og strukturert og vert dokumentert*

§ 3-9. Kontakt med heimen i grunnskolen.

Skolen skal halde kontakt med heimen gjennom opplæringsåret. Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga. ...

Planlagd foreldresamtale står i årshjulet til skulen og vert gjennomført to gonger i året. Vurderingsarket med felles utarbeidd mål vert underskrive av kontaktlærer og foreldre og lagt i elevmappa i arkivet. Foreldre får med seg ein kopi heim. Dei føresette meiner det er - fint at foreldresamtalen er planlagt.

- *Dei føresette opplever utviklingssamtalen som nyttig*
- *Dei føresette opplever god dialog om barnet si faglege og sosiale utvikling og korleis dei lærer*

Det er viktig at foreldra vert involvert i elevane sitt arbeid på skulen. Dette gjev foreldra høve til å fylgja opp elevane si faglege og sosiale utvikling.

Dei føresette gjev solid uttrykk for at dei opplever utviklingssamtalen som nyttig. Dei opplever god dialog og er godt nøgd med informasjonen dei får frå lærarane. - Godt informert og har tid til å førebu oss og kjenner ramma rundt møtet. Lærarane seier også at dei får tilbakemeldingar frå foreldra om at dei har ein god dialog.

- *Dei føresette veit kva barnet kan i forhold til mål i kunnskapsløftet og kva barnet skal gjere for å kome vidare.*

Foreldresamtalen har blant anna som mål å klargjera korleis eleven, skulen og foreldre skal samarbeida for å leggja til rette for eleven si læring og utvikling.

Dei føresette seier at dei får konkret tilbakemelding på foreldresamtalen, slik at dei veit korleis dei må hjelpa eleven. Dei stolar på skulen og lærarane sine vurderingar og dei går ut frå at prøvane er ut frå kompetansemåla. - Då veit me kor eleven vår står i skulesamanheng/ fagleg.



Skulen er ein lærande organisasjon

- *Skulen har eit system for gjennomføring av undervegsvurdering/elevsamtalar og foreldresamtalen og sikrar dokumentasjon*

Skulen har fast gjennomføring av elev – og foreldresamtalar inne på årshjulet. Tidleg gjennomføring av foreldresamtalen før haustferie og før vinterferie sikrar god tid til å arbeida med utviklingsområde.

- *Leinga legg til rette for at undervegsvurdering/elevsamtalar kan gjennomførast*

Tid til gjennomføring av elevsamtalar ligg inne på timeplanen. Lærarane opplyser at dei har tolærarsystem som gjer at elevsamtalane kan gjennomførast. Både lærar og elevar gjev tilbakemelding om at dette fungerer godt.

9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet





Elevsamtalen stimulerer til utvikling og læring både fagleg og sosialt

- *Elevsamtalen motiverer eleven i læringsarbeidet*

For at elevsamtalen skal stimulera eleven til utvikling og læring fagleg og sosialt, er det avgjerande at læraren og eleven har gode relasjonar. Nyare forskning om korleis elevane lærer, presiserer dette.

- Seier ofte at dette ikkje er bra, får ikkje lyst å læra meir av det.

Kva tilbakemeldingar og framovermeldingar eleven får frå læraren sin er avgjerande for vidare læring og utvikling. Det er læraren som er den vaksne og profesjonelle og må ta ansvar for at det vert utvikla gode relasjonar til alle elevane. Læraren/skulen må reflektera over om han/dei kan gjera endringar i metodane sine for å nå fram til alle elevane. Det er også viktig å diskutera korleis ein gjennomfører elevsamtalen, slik at samtalen vert motiverande for den einskilde eleven.

Dei fleste elevane gav tilbakemelding om at dei likte å snakka med læraren sin på elevsamtalen. Men me fekk tilbakemelding om at det var nokre elevar som ikkje likte å ha elevsamtale med læraren sin.

- *Elevsamtalen gjev tilbakemelding om framgang og er eit grunnlag for tilpassing*

Samtalearket som vert nytta under elevsamtalen tek opp eleven sitt tilhøve til andre, til skulen og til faga. På elevsamtalen skal ein også gje tilbakemelding om framgang som vera eit grunnlag for tilpassing.

- *Eleven får vere med å påverka innhaldet i elevsamtalen og vurdere eige arbeid*

Gjennom samtalearket som vert nytta, får eleven seia noko om tilhøvet til andre, til skulen og til faga. Det vert ikkje lagt opp til at eleven skal vurdere eige arbeid. Ein enkel måte å få det til, kan vera at lærar og elev vel ut eit arbeid kvar. Desse arbeida vurderer eleven saman med lærar på elevsamtalen. Dersom ein ynskjer, kan ein ta arbeida med til foreldresamtalen, eller ein kan verta samde om å ta med andre arbeid.

Elevsamtalen gjev elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven står i forhold til kompetansemål og læringsmål.



- *Lærarane gjev tilbakemelding om kvar eleven står i forhold til kompetansemåla*

Samtalearket som vert nytta under elevsamtalen i dag, inneheld ikkje tilbakemelding om korleis eleven står i høve til kompetansemåla eller framovermeldingar. Skulen bør difor drøfta om samtalearket skal nyttast vidare.


- *Tilbakemeldinga gjev råd om korleis eleven kan heve kompetansen sin*

Tilbakemeldingar frå elevar og lærarar syner at lærarane legg stor vekt på den sosiale tilbakemeldinga. Den faglege delen vert ofte avgrensa til kvar eleven står i høve til læringsmåla. Elevane var ikkje tydelege på at dei fekk tilbakemelding på korleis dei kunne heva kompetansen sin og utvikla seg vidare. Øva meir og konsentrera meg om arbeidet var standard svar. Dersom me tenkjer på ein som skal verta god på ski, er det ikkje nok å seia at du må øva meir. Du må vera presis og seia noko om skiteknikk og kva utstyr som skal nyttast.

- *Vurderingane vert fylgt opp*

- Me har litt å gå på når det gjeld systematisering av tilbakemeldingar etter fredagsprøven, vart sagt av ein lærar. Den same læraren sa også at det vert gjeve munnlege og skriftlege tilbakemeldingar etter fredagstesten. Men for at det skal vera læring i ein slik test, må det vera ei oppfølging med ein systematisk refleksjon og vurdering. Fredagstestane er eit godt utgangspunkt for at elevane kan ta denne refleksjonen og vurderinga.

Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om kvar eleven står i høve til kompetansemål og læringsmål.



Frisk luft i lungene, er godt for meg og ungene!

- *Dei føresette veit kva barnet kan i forhold til mål i kunnskapsløftet og kva barnet skal gjere for å kome vidare.*



- Snakkar ikkje om det på foreldresamtalen, vart sagt på foreldremøtet på spørsmål om foreldra kjende til korleis barnet ditt kan utvikla seg vidare, også kalla framovermelding.

§ 3-9 i Forskrift til opplæringslova:

- Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven.

Skulen har arbeidd ut nokre punkt som skal nyttast i eit skjema som vert nytta i samband med foreldresamtalen. Dette skjemaet må skulen vidareutvikla. Skjemaet bør vera på ei side slik at det er oversiktleg. Det må innehalda informasjon om kvar eleven står i høve til kompetansemåla og framovermelding i faget. Det må også vera plass til avtalar som vert inngått. Kva skal lærar fylgja opp, kva skal eleven fylgja opp og kva skal heimen fylgja opp. Dette skjemaet kan nyttast på elevsamtalen, elevane kan få det med seg heim slik at foreldre og elev kan førebu seg til foreldresamtalen og til slutt vert det gjennomgått og underskrive på foreldresamtalen.

Me har sett på skjemaet som vert nytta i dag. Det er lett å få mange punkt under – Skal arbeida vidare med. Dersom det er mange punkt her, vil elevane fort kjenna seg makteslause fordi det er så mange ting dei må gjera noko med. På det meste har me har talt 21 ulike punkt å arbeida vidare med, då er det vanskeleg for eleven å vita kva ein skal prioritera. Skulen må diskutera kor mange punkt ein prioriterer på kvart steg, og - det er viktig at innhaldet i dette skjemaet er tydeleg og overkomande for eleven. Det skal også vera lett for læraren å fylgja opp med gode tilbakemeldingar.

Det er ikkje eit krav om at eleven skal vera med på foreldresamtalen. Skulen må ta ein diskusjon på dette, dersom dei vel å laga ein avtale der også eleven skal skriva under.

Skulen er ein lærande organisasjon

- *Skulen vurderer jamleg praksisen sin på elevvurdering*

Det er viktig med eit tolkingsfellesskap rundt vurdering, slik at ein får ei felles drøfting og forståing av kva som vert vektlagt i vurderinga. Det kan bidra til at vurderinga vert tydeleg og rettferdig.

Me fekk tilbakemelding på at skulen ikkje hadde system for ei jamleg vurdering av vurderingspraksisen. Men at dette gjekk føre seg usystematisk og gjerne saman med den du hadde mest samarbeid med. Då er det større fare for at det vil utvikla seg ein ulik og urettferdig vurderingspraksis. Evaluering av vurderingspraksisen bør setjast inn i årshjulet.



- *Skulen har eit system for oppfylgning av resultat på lokal og nasjonal kartlegging*

Rektor må syta for at skulen har eit system for oppfylgning av nasjonale og lokale kartleggingar, slik at oppfylgning vert sikra der det trengst.

Framlegg til litteratur:

Thomas Nordahl: Eleven som aktør

Kirsten Limstrand: Elevsamtalen

Jan Henrik Høines: Elevvurdering i Kunnskapsløftet

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 25.03.10

Janne Brurok

Inger Sekse



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Vedlegg 1



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Samtaleguide føresette

KRITERIUM	Spørsmål:
Set opp punkt som de meiner Bordalen skule er flinke til	-
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	-
Set opp punkt som dei føresette er flinke til	-



<p>Set opp punkt som dei føresette kan verta flinkare til</p>	<p>-</p>
<p>Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om kvar eleven står i høve til kompetansemål og læringsmål.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får de informasjon om skulen sitt vurderingsopplegg? -• Er foreldresamtalen planlagt og strukturert ? Korleis veit de kva som er innhaldet i samtalen? Får de tid til å førebu dykk? -• Vert foreldresamtalen dokumentert? Korleis? -• Opplever de utviklingssamtalen som nyttig? Kvifor? -• Har de god dialog om fagleg og sosial utvikling? -• Korleis veit de korleis barnet dykkar lærer? -• Veit de kva barnet dykkar kan i forhold til mål i kunnskapsløftet? Korleis får de greie på det? -• Veit de kva barnet dykkar skal gjera for å utvikla seg vidare? Korleis får de greie på det? -



Vedlegg 2



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Samtaleguide pedagogar

KRITERIUM	Spørsmål:
Elevsamtalen stimulerer til utvikling og læring både fagleg og sosialt	<p>Elevsamtalen motiverer eleven i læringsarbeidet</p> <ul style="list-style-type: none">• Fortel om elevsamtalen<ul style="list-style-type: none">○• Korleis meiner du elevsamtalen motiverer eleven i læringsarbeidet?<ul style="list-style-type: none">○ <p>Elevsamtalen gjev tilbakemelding om framgang og er eit grunnlag for tilpassing</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis gjev elevsamtalen tilbakemelding om framgang?<ul style="list-style-type: none">○• Korleis er elevsamtalen eit grunnlag for tilpassing?<ul style="list-style-type: none">○• Kor ofte har de elevsamtale, og kor lenge?<ul style="list-style-type: none">○ <p>Eleven får vere med å påverke innhaldet i elevsamtalen og vurdere eige arbeid</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva gjer de for at elevane skal vera med å påverka innhaldet i elevsamtalen?<ul style="list-style-type: none">○• Korleis er elevane med og vurderer eige arbeid?<ul style="list-style-type: none">○ <p>Elevsamtalen tar opp sosial utvikling, orden og oppførsel</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva er grunnlaget for vurdering i orden og oppførsel?<ul style="list-style-type: none">○



<p>Elevsamtalen gjev elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven står i forhold til kompetansemål og læringsmål.</p>	<p>Lærarane gjev tilbakemelding om kvar eleven står i forhold til kompetansemåla</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis dokumenterer de kvar eleven står i forhold til kompetansemåla? ○ <p>Tilbakemeldinga gjev råd om korleis eleven kan heve kompetansen sin</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis gjev de råd om korleis eleven kan heve kompetansen sin? ○ <p>Vurderingane vert fylgt opp</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis fylgjer de opp vurderingane? ○ <p>Lærarane dokumenterer den enkelte elev si faglege utvikling</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis dokumenterer de den faglege utviklinga til eleven? ○ <p>Lærarane nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisning</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis tek du omsyn til eleven sin faglege ståstad når du planlegg undervisinga? ○
<p>Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om kvar eleven står i høve til kompetansemål og læringsmål.</p>	<p>Foreldresamtalen er planlagt og strukturert og vert dokumentert</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis informerer de føresette om vurderingspraksisen på skulen? ○• Korleis gjennomfører de foreldresamtalen? ○• Har de ein felles mal for foreldresamtalen? ○• Korleis dokumenterer de foreldresamtalen? ○• Er elevane med på foreldresamtalen? ○ <p>Dei føresette opplever utviklingssamtalen som nyttig</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva tilbakemeldinga får de frå føresette på samtalen? ○ <p>Dei føresette opplever god dialog om barnet si faglege og sosiale utvikling og korleis dei lærer</p> <ul style="list-style-type: none">• Har de god dialog om fagleg og sosial utvikling? ○• - Korleis veit dei føresette korleis eleven lærer? ○ <p>Dei føresette veit kva barnet kan i forhold til mål i kunnskapsløftet og kva barnet skal gjere for å kome vidare</p> <ul style="list-style-type: none">• Veit dei føresette kva eleven kan i forhold til mål i kunnskapsløftet? Korleis? ○• Veit dei føresette kva eleven skal gjera for å utvikla seg vidare? Korleis? ○



<p>Skulen er ein lærande organisasjon</p>	<p>Skulen har eit system for gjennomføring av undervegsvurdering / elevsamtalar og foreldresamtalen og sikrar dokumentasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva system har de for undervegsvurdering? <ul style="list-style-type: none"> ○ • Kva system har de for gjennomføring av elevsamtalar? <ul style="list-style-type: none"> ○ • Kva system har de for gjennomføring av foreldresamtalen? <ul style="list-style-type: none"> ○ • Korleis sikrar de dokumentasjon av desse samtalane? <ul style="list-style-type: none"> ○ <p>Skulen vurderer jamleg praksisen sin på elevvurdering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kor ofte og kor tid vurderer de praksisen på elevvurderinga? <ul style="list-style-type: none"> ○ <p>Leiinga legg til rette for at undervegsvurdering / elevsamtalar kan gjennomførast</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis legg leiinga til rette for undervegsvurdering / elevsamtalar kan gjennomførast? <ul style="list-style-type: none"> ○ <p>Skulen har eit system for oppfølging av resultat på lokal og nasjonal kartlegging</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis kartlegg de? <ul style="list-style-type: none"> ○ • Kva system har de for oppfølging av nasjonal kartlegging? <ul style="list-style-type: none"> ○ • Kva system har de for oppfølging av lokal kartlegging? <ul style="list-style-type: none"> ○
---	---

Vedlegg 3



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Samtaleguide elevar

KRITERIUM	Spørsmål:
<p>Elevsamtalen stimulerer til utvikling og læring både fagleg og sosialt</p>	<p>Elevsamtalen motiverer eleven i læringsarbeidet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fortel om elevsamtalen - • På kva måte fortel læraren deg korleis det går på skulen, dei ulike faga? - • Kva seier læraren til deg for at du skal verta betre og få lyst til å læra meir? - • Hjelper dette deg til å verta betre? - • Kor ofte har de elevsamtale?



	<p>-</p> <p>Eleven får vera med å påverka innhaldet i elevsamtalen og vurdere eige arbeid</p> <ul style="list-style-type: none">• Får du vera med å bestemma kva de skal snakka om på elevsamtalen?-• Korleis gjer du det når du vurderer ditt eige arbeid?- <p>Elevsamtalen tar opp sosial utvikling, orden og oppførsel</p> <ul style="list-style-type: none">• Snakkar de om andre ting enn læring og fag?-
Elevsamtalen gjev elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven står i forhold til kompetansemål og læringsmål.	<ul style="list-style-type: none">• Får du vita korleis du står i forhold til læringsmåla på elevsamtalen?-• Korleis forklarar læraren din kva som må til for at du skal nå læringsmåla?-• Kva gjer du etter elevsamtalen med det du må verta betre på?-• Synest du læraren kjenner deg så godt at han veit kva du kan og kva du må arbeida meir med?-
Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om kvar eleven står i høve til kompetansemål og læringsmål.	<ul style="list-style-type: none">• Er foreldra dine interesserte i skularbeidet og korleis det går på skulen?-• Korleis merkar du det?
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Korleis synest du det er å snakka med læraren?-• Synest du læraren lyttar til det du seier? Korleis?-• Kva er det beste med å gå på skulen?-• Kva er ein god lærar?